



Salar Bruk AS
c/o Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM

Dato: 12.02.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/134-1

H-ML-3 Salar Bruk AS org. nr. 986201270 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 10076 Rylandsvåg i Meland kommune

Vi syner til Dykkar søknad datert 03.10.2012, og til supplerande opplysningar av 09.10.2013.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Salar Bruk AS, org. nr. 986201270, akvakulturløyve med reg. nr. H-ML-3 løyve til å etablere settefiskanlegg for oppdrett av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogaure (*Oncorhynchus mykiss*) på følgjande lokalitet i Meland kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Kapasitet (stk)	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84
10076	Rylandsvåg	Meland	11,5 mill.	60° 33.694' N 5° 2.644' E

Særskilde vilkår som er ein føresetnad for dette vedtaket:

- Rylandsvassdraget skal nyttast som vasskjelde. Uttak av vatn må skje i samsvar med vilkår gjeve av NVE i vedtak av 07.09.2001.
- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland av 07.02.2014 gjeld for produksjon av inntil 11,5 millionar settefisk av laks og aure. Samla årleg produksjon er avgrensa til 1035 tonn fisk og eit årleg fôrforbruk på inntil 1240 tonn.
- Mattilsynet DK Bergen og Omland har den 15.04.2013 gjeve løyve til utviding av produksjonen til inntil 11,5 mill. stykk sjøklar smolt av laks, aure og regnbogaure.

Dette løyve erstattar tidlegare løyve til Salar Bruk AS, akvakulturløyve H-ML-3, dagsett 11.02.2008.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova, havne- og farvannslova og vassressurslova.

Grunngjeving

Salar Bruk AS, H-ML-3 har i søknad dagsett 03.10.2012 med tilleggsopplysningar av 09.10.2013 søkt om utviding av eksisterande settefiskløyve for laks og aure frå 5 til 11,5 millionar settefisk av laks og aure på lokalitet 10076 Rylandsvåg i Meland kommune.

Søkjjar skildrar mellom anna omsøkt tiltak slik:

«Ved optimal utnyttelse av vannressursene og bruk av energi for å holde jevne og kontinuerlig optimale produksjonsvilkår, vil en teoretisk kunne produsere 225.000 stk 90 grams settefisk hver uke året gjennom. Til sammen blir dette 1.053 tonn levert fisk, og med en antatt førfaktor på 1,2 over hele produksjonen, vil det medgå inntil 1.260 tonn før årlig ved anlegget. Dette er en helt ny måte å tenke settefiskproduksjon på, og anlegget i Rylandsvågen har allerede lagt til rette for mye av dette.

Rylandsvassdraget har et 25 km² stort nedbørfelt i Meland kommune. Vassdraget inneholder en rekke større og mindre innsjøer, der Storavatnet er 3,3 km² og regulert ved utløpet av Bjørndalsvatnet. Innsjøen har tette bestander av aure og særlig røye, men vassdraget har vært stengt for oppgang av anadrom fisk i omtrent 150 år. Samlet gjennomsnittlig vannføring ved utløp til sjø er på 74 m³/minutt. Anlegget tar sitt vann fra en inntaksledning i Rylandsvatnet som bufres med UV-behandlet sjøvann direkte på inntaksledningen før det kommer inn til anlegget.

Avløpsvannet renses gjennom et renseanlegg med en kapasitet på 105 m³/min og filteråpning på 90 µm. Rensekapasiteten er omtrent 1 m³ slam pr tonn før brukt, og slammet føres inn på en kommunal avløpsledning og pumpes ut i Herdlefjorden på 40 m dyp. Det rensete utslippet går ut i overflatelaget i Rosslandspollen.

Resipienten Rosslandspollen er 31 meter dyp, har et areal på 1,6 km², et samlet volum på 20 millioner m³ og en terskeldybde på omtrent 4 meter. Den grunne terskelen bidrar til naturlig stagnerende dypvann med dårlige oksygenforhold ved bunnen. For å bedre miljøforholdene i dypvannet i Rosslandspollen, ble det i april 2011 lagt ut et nytt dykket ferskvannautslipp på 29 m dyp med en kapasitet på 6 m³/min. Dette skaper en vertikalstrøm i vannsøylen og en omrørings- og oksygeneringseffekt på de dypereliggende vannmasser i Rosslandspollen. En resipientundersøkelse utført i mai 2012 viste full oksygenmetning til bunns ved det dypeste der det også ble påvist bløtbunnsfauna for første gang på lenge.

Tiltaket vil ikke medføre andre inngrep enn et økt vannuttak innenfor gjeldende NVE – konsesjon, uten etablering av nye vassdragsinstallasjoner. Det omsøkte tiltaket ligger på eiende areal, avsatt til formålet i gjeldende kommuneplan for Meland. Det ventes derfor ikke å ha noen konsekvenser for biologisk mangfold og vilt, friluftsliv, landbruk, kulturminner, vannkvalitet eller øvrige interesser i vassdraget.

Tiltaket ventes å ha en stor positiv samfunnsmessig betydning for området, ved økt sysselsetting med inntil 18 årsverk ved anlegget når det er ferdig utbygget, samt behov for deltidsansatte i perioder med stor aktivitet. Tiltaket sikrer et godt grunnlag for Alsaker Fjordbruk AS sin øvrige aktivitet i regionen. Selskapet har i dag en samlet verdiskaping på omtrent 100 mill. kroner for hver million smolt produsert.»

I følge Forskrift om konsekvensutgreiingar av 26.06.2009 nr. 855 § 3 e) skal større akvakulturanlegg handsamast etter forskrifta sitt kapittel III, dersom dei kan få vesentlige verknad for miljø og samfunn, jf. kriteria i § 4. Søknaden gjeld eit setjefiskanlegg for meir enn 5 millionar stykk, og plikt om konsekvensutgreiing må difor vurderast. Hordaland fylkeskommune er ansvarleg styresmakt for å foreta vurderinga av om "større anlegg" skal handsamast etter forskrifta.

Etter høyring av partar dette vedkjem konkluderte Hordaland fylkeskommune den 21.12.2012 at ein ikkje fann grunnlag for å påleggje søkjar ei konsekvensutgreiing av det omsøkte tiltaket jf. kriteria i § 4 i Forskrift av 26.06.2009 nr. 855 om konsekvensutgreiingar. Hordaland fylkeskommune har ikkje kjennskap til tilhøve som medfører at det vert utløynt krav om konsekvensutgreiing for den omsøkte utvidinga av lokalitet 10076 Rylandsvåg. Regionale styresmakter og vertskommune har gjeve uttale på bakgrunn av kjent kunnskap. Mattilsynet krev at søknaden vert supplert med ytterlegare dokumentasjon i høve fiskehelse, detaljerte planar for produksjonen og spesifikasjon av tekniske løysingar. Meland kommune etterlyser alternative løysingar for avlaup. Fylkesmannen påpeiker at settefiskanlegget vil få dei same krav som vert stilt til dei kommunale reiseanlegga.

Fylkeskommunen meiner at søknaden etter Akvakulturlova med tilhøyrande laksetildelingsforskrift må supplerast med meir dokumentasjon i høve desse temaa, og at dette vil vera ein meir teneleg og tilstrekkeleg måte å opplyse og framskaffe kunnskap til søknaden på enn ei handsaming etter reglane om konsekvensutgreiing.

Søknaden vart send på høyring på vanleg måte etter reglane i laksetildelingsforskrifta den 21.12.2012. Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentleg innsyn i Meland kommune. Følgjande hadde merknader til søknaden:

Torfinn Eide viser til oversikt over tidlegare plasseringar av oppdrettsanlegg med påstand om manglande opprydding. Bilde med påstand om korleis dagleg forureining er. Viser til analyser av slamprøver frå 1992 med påstand om at tilhøva er verre no. Utsleppslangen må leggjast med tilstrekkeleg dimensjonering.

Fiskarlaget Vest meiner at miljøtilstanden i Roslandspollen er dårleg. Det må stillast krav til utslepp og vurderast andre/alternative løysingar. Kjem med framlegg om eigen leidning for utslepp til Herdlafjorden. Leidningen må leggjast slik at den ikkje kjem i konflikt med fiskeriinteresser.

Gunnar Larsen m.fl. er uroa for at produksjonsauke vil føre med seg utslepp til overflata i pollen. Viser til feittlag og feitrådar som søkk ned slik at området ikkje eignar seg for bading. Dårleg vassutskifting i pollen. Ønskjer at det skal vere same krav til utslepp frå næring som bustad.

Alfred Iden påpeiker at prosessvatn frå anlegget inneheld ureining. Pollen er overgjødsla og manglar surstoff. Det var betre tilhøve i pollen før settefiskproduksjonen tok til. Ønskjer at det skal vere same krav til utslepp frå næring som for bustader. Viser til feittlag i overflata.

Vasslaget av 1974 sine merknader inneheld tilhøve til NVE sine ansvarsområde, ymse historiske hendingar, samt privatrettslege tilhøve mellom Vasslaget og Salar Bruk AS.

Lars Skintveit og Magne Brakstad sine merknader er konsentrert om privatrettslege avtalar og historikk som er knytt til desse.

Midtre Holsnøy Grunneigarlag sine merknader er konsentrert om fire tema:

1. Grunnlag for KU med omsyn til vassdraget fordi:
 - a. Auka uttak påverkar naturmangfald og friluftinteresser
 - b. Gjev fare for stilletåande vatn
 - c. Øydelagde gyteplassar
 - d. Gjennomføra vilkår 5 i konsesjonen frå NVE.
2. Krav om minstevassføring
 - a. Sjølv om produksjonen aukar er det muleg med minstevassføring
 - b. Vil betre tilhøva knytt til punkt 1.
 - c. Betre kontroll på vasshøgde
 - d. Grunnlag for å leggje til rette for oppgang av villfisk
 - e. Oppgang av fisk i perioden ca. 1912 til 1970 etter mølledrifta.

- f. Observasjon av villfisk ved overløpsterskel
- g. Fisketrapper er eit viktig tiltak for å styrke og bevare fiskestammer
- 3. Oppdrettsnæring og villfisk
 - a. Betydelege reduserte bestandar i Norge
 - b. Rømt oppdrettsfisk og sjukdom er alvorlege trugslar
 - c. Produksjon av aure ikkje orsak
 - d. Uansett ein forpliktelse til å ta i vare naturgrunnlaget
- 4. Løyve etter vassressurslova
 - a. Ein må overhalde gjevne løyve
 - b. Oppfølging og gjennomføring av vilkår ikkje gjort
 - c. Vassnivået i Rylandsvatnet har fleire gonger vore under tillat nivå og utan konsekvens
 - d. Vil minne om «røysaka» og problematikken der
 - e. Spørsmålet er om konsesjonen har noko verdi for eigarane ?

I brev av 09.10.2013 kom Salar Bruk AS med supplerande opplysningar om tiltaket, kommentarar til innkomne merknader, samt ytterlegare dokumentasjon kring tiltaket. Søkjar opplyser at det gjennom søknadsprosessen har kome fram at det mellom anna vert sett krav om at slammet frå settefiskproduksjonen skal samlast opp og nyttast på ein berekraftig måte. Dette inkluderer at det ikkje lenger er tillate med påslepp av slam til den kommunale avlaupsleidningen. Settefiskanlegg vil få dei same krav som vert stilt til kommunale reinseanlegg. Med bakgrunn i dette fell omsøkt teknisk løysing bort (utvida eksisterande påslepp til kommunal avlaupsleidning), og Salar Bruk AS er derfor nøydt til å handtere det oppsamla slammet på annan måte. Søknaden er vidare supplert med ein ny rapport om utviklinga i Roslandspollen og utsleppet frå Salar Bruk AS. I rapporten skildrar dei naturlege tilhøva i pollen, undersøkingar som er utført i området og ei vurdering av effekten av det dykka ferskvassutsleppet, samt litt om reinsemetoden frå anlegget.

Meland kommune, Utval for drift og utvikling, handsama søknaden i møte 10.12.2013 og fatta vedtak om følgjande uttale: " Utval for drift og utvikling syner til søknad om utviding av produksjonen på Salar Bruk AS sitt settefiskanlegg i Rylandsvågen på inntil 11,5 mill. smolt. I høve gjeldande arealplan og fastlagt arealbruk for produksjonsområde til Salar Bruk AS er eksisterande verksemd og utvida bruk i tråd med plan. I høve til utslepp og forureining gjeld nye krav på lik line med krav til offentleg avlaup. Det er ein føresetnad at søknaden om endra utsleppsløyve vert fremja. I høyringsrunden er det avdekka uavklarte tilhøve mellom gjeldande konsesjon og drift av anlegget. Utval for drift og utvikling ber om at NVE følgjer opp vilkåra i gjeldande konsesjon. Merknadene vert lagt med uttalen."

NVE har 07.09.2001 gjeve Salar Bruk AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og uttak av vatn frå Rylandsvassdraget. Løyve frå NVE gjev rett til eit vassuttak på maksimalt 40 m³/min og regulering av Storvatn/Bjørndalsvatn på 131 cm mellom kote 11,44 og 10,13.

NVE har hatt melding om nytt driftsopplegg som skulle gje eit vassuttak som ville ligge nær det som NVE tidlegare har gjeve konsesjon til vurdering og godkjenning den 14.03.2012.

På førespurnad frå NVE sende fylkeskommunen alle dokumenta i søknaden om utviding av anlegget til ein produksjon på 11,5 millionar settefisk. I brev av 21.05.2013 konkluderer NVE på bakgrunn av at søkjar skal halde seg innanfor tidlegare gjevne løyve at søknaden ikkje medfører behov for ei ny vurdering etter § 8 i Vassressurslova.

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 25.02.2013. Kystverket Vest har ingen merknader til søknaden om utviding av settefiskløyve, og viser til vedtak av Bergen og Omland havnevesen av 12.09.2012, der det vart gjeve løyve til utlegging av leveringsleidning og flytebrygge/flytekai.

Søknaden er handsama av Mattilsynet, DK Bergen og Omland 15.04.2013. I medhald av § 5 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m., gjev Mattilsynet, DK

Bergen og Omland løyve til permanent utviding av akvakulturlokalitet 10076 Rylandsvåg til ein produksjon på 11 500 000 sjøklar smolt av laks, aure og regnbogeaure. Godkjenninga er gjeve på følgjande vilkår:

1. Systematiske registreringar av helsetilstand og overleving for kvar fiskegruppe frå yngel til utsett, jfr. reglane om biologisk forsvarleg drift i akvakulturdriftsforskrifta § 5, skal gjennomførast. Dokumentasjon av gjennomføring av dette punkt skal finnast i anlegget sitt IK-Akva system og kunne leggast fram for Mattilsynet ved inspeksjon.
2. Det skal foretas daglege målingar av ammonium. Måling av ammonium skal foretas i det karet og i det området som ein antar har dårlegast levetilstand for fisken med omsyn til ammonium.

Søknaden er handsama av Fiskeridirektoratet Region Vest 10.12.2013, og vurdert i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd. Fiskeridirektoratet Region Vest kan ikkje sjå at utviding av settefiskanlegget, planlagt flytebrygge og planlagt leidning for levering av settefisk/smolt vil kome i konflikt med fiskeriinteresser i området og tilrår at søknaden vert innvilga.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 07.02.2014. Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. Med heimel i ureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11 og 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av inntil 11,5 millionar settefisk av laks og aure. Samla årleg produksjon er avgrensa til 1035 tonn fisk og eit årleg forbruk på inntil 1240 tonn. Salar Bruk AS får pålegg om reinsing av utsleppsvatn og miljøforbetrande tiltak i Roslandspollen.

Roslandspollen er i utgangspunktet ikkje eigne som resipient for utslepp av organisk materiale. Det er difor naudsynt at utsleppet frå Salar Bruk AS blir reinsa og at dei miljøforbetrande tiltaka med dykka utslepp av ferskvatn til det djupaste partiet av Roslandspollen blir sikra kontinuerleg drift. Fylkesmannen har vurdert føremonene ved å sikre eit tal arbeidsplassar i distriktet mot moglege ulemper som auke i utsleppet kan medføre, og kome fram til at det er forsvarleg å auke produksjonen i settefiskanlegget når dette blir følgt opp med dei spesifiserte tiltaka. Salar Bruk AS pliktar å følgje utviklinga i Roslandspollen med miljøgranskningar kvart 3 år. Det skal då gjerast botndyrsundersøkingar på tre stader i pollen i samsvar med tidlegare undersøkingar. Det skal og takast vassprøver og kartlegging av strandsona for å avdekke eventuell eutrofiering i Roslandspollen. Det er eit mål at vassførekomsten Roslandspollen skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021 målt på botndyrsfauna på grunt vatn.

Hordaland fylkeskommune har vurdert dei innkomne merknadane frå Torfinn Eide, Fiskarlaget Vest, Gunnar Larsen m.fl., Alfred Iden, Vasslaget av 1974, Lars Skintveit og Magne Brakstad og Midtre Holsnøy Grunneigarlag, innsend i samband offentleg utlysing av søknaden.

I høve til dei innkomne merknadene er det ingen av desse som i nokon grad tek opp sjølve arealbruken eller lokaliseringa av anlegget. Utviding av produksjonen ved Salar Bruk AS er i samsvar med kommuneplanen for området. Merknadene kan delast i to hovudkategoriar. Den eine gjeld utslepp til og forureining av Roslandspollen. Den andre gjeld tilhøve til grunneigarar og dei vilkår som ligg i konsesjonen etter vassressurslova for uttak av vatn og regulering av Rylandsvassdraget.

Utslepp til Roslandspollen er ivareteken gjennom Fylkesmannen i Hordaland si handsaming etter forureiningslova. Meland kommune føreset at det vert gjeve nytt utsleppsløyve med krav på lik linje med krav til offentlege avlaup. Dette er følgt opp i utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane. Salar Bruk AS pliktar å følgje utviklinga i Roslandspollen med miljøgranskningar kvart 3 år. Det skal då gjerast botndyrsundersøkingar på tre stader i pollen i samsvar med tidlegare undersøkingar. Det skal og takast vassprøver og kartlegging av strandsona for å avdekke eventuell eutrofiering i Roslandspollen. Det er eit mål at vassførekomsten Roslandspollen skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021 målt på botndyrsfauna på grunt vatn.

Tilhøve til grunneigarar og vilkår som ligg i konsesjonen etter vassressurslova frå NVE ligg i utgangspunktet utafor dei vurderingane som fylkeskommunen skal gjere etter laksetildelingsforskrifta § 30. For å klarere lokalitet til akvakultur er det ein føresetnad at det er gjeve naudsynt løyve til uttak av vatn etter vassressurslova. Ramma for forvaltninga av vatn til settefiskanlegget er å finne i løyve frå NVE av 07.09.2001. Løyve etter vassressurslova er gjeve med fleire vilkår. Merknadene viser mellom anna til manglande oppfølging av vilkår i løyve etter vassressurslova. Rette vedkomande i høve dette er NVE.

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som nemnd i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
 - 3. *annen bruk av området, og*
 - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
 - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
 - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
 - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann, og*
 - 4. *lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann*
- d) *det ikke er i strid med*
 - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*
 - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
 - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

og kome fram til at tiltaket ikkje kjem i konflikt med reglane i forskrifta.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 - 12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget (§8) er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak. Fylkesmannen i Hordaland vurderer det som å vere mogleg å drive settefiskanlegget Salar Bruk AS utan at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av auka produksjon føresett iverstjing av reinsetiltak og miljøforbetrande tiltak i Rosslandspollen. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (§ 9) ikkje blir gjeldande.

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Salar Bruk AS, akvakulturløyve med reg. nr. H-ML-3 løyve til å etablere settefiskanlegg for oppdrett av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeare (*Oncorhynchus mykiss*) på lokalitet 10076 Rylandsvåg i Meland kommune på nærmare vilkår.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til granskning av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 07.02.2014, Mattilsynet, DK Bergen og Omland 15.04.2013, Kystverket Vest 25.02.2013, Bergen og Omland Havnesen 12.09.2012, og NVE 07.09.2001 og 21.05.2013, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar: Endre Korsøen Direkte telefon: 55 23 91 04 E-postadresse: endre.korsoen@hfk.no

Kopi:


Fiskeridirektoratet Region Vest
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga
Mattilsynet, DK Bergen og Omland
NVE
Fiskeridirektoratet Region Vest
Kystverket Vest
Meland kommune
Torfinn Eide
Fiskarlaget Vest
Gunnar Larsen m.fl.
Alfred Iden
Vasslaget av 1974
Lars Skintveit og Magne Brakstad
Midtre Holsnøy Grunneigarlag


H-ML-3

Salar Bruk AS

Lokalitet 10076 Rylandsvåg








Salar Bruk AS Rylandsvågen

18.09.2012



Målestokk: 1:1 000

<p>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen</p>	<p>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse) Salar Bruk AS 5917 Rosslund</p>	<p>(2) Dato 12.02.2014 (4) Klageinstans Fiskeridirektoratet Postboks 185 Sentrum 5804 Bergen</p>
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevjegrunggeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunggeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
<p>Særleae opplysningaar</p>	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve